

Vedlegg til sak 201011298-1
26.10.2010

**Strategisk plan for bibliotek i vidaregåande skolar i Hordaland
2010 - 2015**

Innhald

Innleiing	s. 2
1. Forsking og røyndom	s. 2
2. Utfordringar i Hordaland	s. 4
3. Strategiar og mål	s. 5
4. Status bemanning pr 1.8.2010	s. 8
5. Prioriterte skolar med kostnadsoverslag	s. 9

Vedlegg 1: Statusrapport skolebibliotek i vgs i Hordaland, pr 1.8.2010

Vedlegg 2: Bibliotekstatistikk for vidaregåande skole 2009, Fylkesbiblioteket

Vedlegg 3 Årsmelding Årstad vgs.

Vedlegg 4: Godt skolebibliotek = godt læringsmiljø = problemløsende for skolen!

Skolebibliotek for kunnskap og trivsel!

INNLEIING

Strategisk handlingsplan for skolebiblioteka i vidaregåande skolar i Hordaland 2005-2010, blei vedtatt i juniinget 2004. Sjå vedlegg ein og to. Arbeidet med planen har vore forankra i Kultur- og idrettsavdelinga ved fylkesbiblioteket og Opplæringsavdelinga. Prosjektansvar og prosjektleiing er lagt til fylkesbiblioteket.

Fylkesutvalet vedtok 18.11.2009 ei vidareføring av arbeidet:

1. Strategisk handlingsplan for bibliotek i vidaregåande skolar i Hordaland skal reviderast med utgangspunkt i Kunnskapsløftet 2006, satsing på den digitale skolen og mål om tenesteutvikling og tilstrekkeleg bemanning.
2. Finansiering av nye stillingar må avklarast fortløpande i årsbudsjett og økonomiplan.
3. Målet bør vere at alle vidaregåande skolar i Hordaland har fagutdanna bibliotekar.

Planen har tre strategiar som skal følgjast opp med ein handlingsplan for kvart år i planperioden.

Hovudmålet for planen tek utgangspunkt i kunnskap om at gode skolebibliotek medverkar til å løyse sentrale utfordringar som skolen står overfor: å nå læringsmål gjennom tiltak for å betre leseferdigheter og informasjonskompetanse, å tilby ein alternativ læringsarena og å styrke læringsmiljøet generelt. Vilkåra er styrking av personalressursane og aktiv deltaking i det pedagogiske arbeidet på den enkelte skolen. Opprusting av det fysiske biblioteklokalet er også ein naudsynt føresetnad. Det skal ha rom for elevarbeidsplassar og trivselssoner, samt plass til eksponering og formidling av trykte og digitale kjelder.

Gode modellar for skolebibliotek kan utforske og synleggjere korleis ein kan nå hovudmålet. Det gjeld for alle skolestorleikar frå storskolane til dei minste, der ulike samarbeidsløysingar med folkebiblioteket kan vere aktuelt i fleire kommunar. Kombinasjonsbibliotekmodellen er ei fullstendig, formalisert integrering av dei to bibliotektypene.

1. FORSKING OG RØYNDOM

Opplæringslova nemner skolebibliotek som ei viktig teneste, men er upresis på ansvar. Kunnskapsløftet og læreplanar er tydeleg i omtalen av skolebiblioteket si potensielle rolle. I regionale og lokale plan- og utviklingsdokument for skoleverket er skolebibliotek ikkje eit tema. Oftast er det heller ikkje synleg i årsmeldingar, verkeplanar og årshjul på den enkelte skolen. Dokumentasjon av verksemd og utvikling, og ein pedagogisk plass i skoleorganisasjonen er viktig for å nå mål om gode bibliotektenester til alle elevar. Forsking og røyndom innan feltet er eintydige i sine konklusjonar: Skolebiblioteket kan spele ei rolle for å nå læringsmål og ta del i aktuelle utfordringar i dagens skole.

Informasjonskompetanse

Analysar frå NOVA (Rapport 9/10) peikar på auka klasseforskjellar i den norske skolen. Skolebibliotek er oftast halde utanfor debatten om skolen. Difor er det naudsynt å peike på skolebibliotek som ein viktig del av løysinga på dei oppgåvene skolen står overfor. Eit viktig innspel i debatten er biblioteket som kunnskapsformidlar. Elevane får større læringsutbytte når dei får tilbod om undervisning og rettleiing i tilknytting til større oppgåver, prosjekt og liknande, utarbeidd i eit samarbeid mellom bibliotekar og lærar. Slik kan biblioteket bli ein aktiv læringsarena.

Kva er informasjonskompetanse?

Informasjonskompetanse er evne til å kunne søkje og lokalisere informasjon, vurdere informasjonen kritisk ut frå relevans og pålitelegheit og ta den i bruk i eiga kunnskapsutvikling.

Det er gjennomført mange forskingsarbeid som handlar om informasjonssøk og bruk av nettkjelder, der skolebiblioteket har vore del av arbeidet. Resultata kan gi grunnlag for uro over generelt for stor vekt på digital kompetanse, dvs å kunne ta i bruk digitale verktøy, og for lite fokus på innhald og nytte i læringsarbeidet. Eit tettare samarbeid mellom bibliotekar og pedagog er eit kjernepunkt for å utvikle elevane sin informasjonskompetanse i vidare forstand. Professor emeritus Louise Limberg sine funn gjennom mange års forskning i Sverige, stemmer med forskingsresultat frå andre land, til dømes USA. Ho konkluderer mellom anna slik:

”Det finns en kraftfull potential i skolbibliotek som redskap i pedagogiskt utvecklingsarbete.”

Leseferdigheiter

Det har vore mykje merksemd om dokumentert dårlege leseferdigheiter både i ungdomsskolen og i vgs. Fleire nasjonale kampanjar med økonomisk portefølje har vore retta mot skolen. Liknande tiltak har vore prøvd ut sidan 1980-talet. Best kan ein lese resultata frå skolar der intensiv lesetrening og lystlesing er sett i system. Randaberg vgs i Rogaland er eit av mange døme på vellukka satsing gjennom mange år for å betre elevane sin lesedugleik og læringsresultat. Frå prosjekt i ein klasse, har tiltaket spreidd seg til alle klassar.

I Norge og internasjonalt er det stor semje om at det er naudsynt å beherske ulike typer tekst for å forstå og kommunisere i eit stadig meir komplisert samfunn. Tiltaka Leseløftet (2009) og Leseåret (2010) er døme på ein nasjonal, heilskapeleg lesepolitikk med sikte på å styrke lesekompetansen i heile landet. I dette arbeidet er biblioteka sentrale aktørar, både skole- og folkebibliotek. I møte med elevane kvar dag, kan skolebiblioteket spele ei sentral rolle med sin litteraturkunnskap og formidlingskompetanse.

Sosial arena

Gitt dei rette føresetnader, kan skolebiblioteket også få ein viktig *sosial funksjon*, som arena for møte på tvers av klasser, hyggjelegt samvær, fri og uavhengig tilgang til informasjon og kulturuttrykk. Eit eksempel frå Sandvika vgs er arrangementet ”Bråk i biblioteket”, eit tiltak som ligg i skjæringspunktet mellom læring og underhaldning. I midttimen møtast to lærarar med ein elev som ordstyrar i biblioteket til fritt ordskifte og engasjement. Det første temaet var ”Just war? – Finnes det rettferdig krig?” Sjå vedlegg 4.

Fråfall

Stort fråfall i vgs uroar kunnskapsminister Kristin Halvorsen. Kan biblioteket bidra til å stimulere elevane si motivering for læring? Ved Breivang vgs i Tromsø er ein av to bibliotekarar også sosionom med arbeidsplass i biblioteket, eit lavterskeltilbod for elevar og lærarar. I følge rektor har fråfallet gått ned frå 12-13% i 2008, til 5.5% i 2009, mykje takka vere biblioteket, der det finst mange alternativ til ordinær undervisning. Sjå vedlegg 4.

Læringsmiljø

Kunnskapsløftet slår fast at ”Et velfungerende skolebibliotek er vesentlig for at skolen skal lykkes i å nå målene i Kunnskapsløftet.” Systematisk satsing på gode skolebibliotek vil definitivt kunne bidra til å møte utfordringane i dagens skole. Rapporten frå NOVA (Rapport 9/10) seier det slik: ”..skolestørrelse og ressursituasjonen har begrenset betydning når det gjelder elevenes prestasjonsutvikling generelt og for de elevgruppene som vi har studert her. Elevenes læringsmiljø gir derimot større utslag. (Elevene) kan oppnå bedre resultater. (Skolen) kan også redusere prestasjonsforskjeller ... gjennom å styrke læringsmiljøet sitt.”

Skolebiblioteket kan tilføre skolens læringsmiljø rammer for læring som eit alternativ og eit supplement til tradisjonell klasseromsundervisning og ein-sidig bruk av læreverk. Læringspotensialet kan bli utnytta betre. Det som skal til er personalressursar til å utvikle biblioteket, tilgang til innbydande lokale og gode samlingar, og eit godt fungerande samarbeid mellom bibliotekpersonale og pedagogar.

2. UTFORDRINGAR I HORDALAND

Vidaregåande skolar i Hordaland står overfor dei same utfordringane som i landet elles: Fråfallsproblematikken, integrering av miniritetsspråklege, manglande leseferdigheiter og informasjonskompetanse, samt å leggje til rette for auka motivasjon for læring hjå alle elevar. *Gode skolebibliotek vil kunne bidra til å møte desse utfordringane.* (Sjå vedlegg 3:Årsmelding for skolebiblioteket på Årstad vgs, 2009)

Bemanning

Den største utfordringa for skolebiblioteka er å få oppretta tilstrekkeleg bemanning: Pr 1.8.2010 er det 20 som har eller leiger bibliotekarressurs, av desse er 12 i fulle stillingar, fire skolar har 50-60% ressurs og fire har mellom 10 og 40%. Dei fem største skolane med rundt 1000 elevar treng snarast ei stilling nr to. Totalt er det behov for minimum 33.8 bibliotekarstillingar til stipulert kostnad 15 millionar kroner. I tillegg vil skolar med fleire enn 500 elevar ha behov for ein merkantil ressurs. Oversikt over status på skolane og forslag til prioritering av skolar er basert på skolestrukturen pr i dag, inkludert planlagde nye skolebygg.

Tenesteutvikling

Skolebiblioteket er definert som hjarte i skolen og som nøkkelen til ein betre skole. Det skal bidra til lesestimulering og auka lærelyst gjennom eit godt læringsmiljø, undervisning og rettleiing i informasjonskompetanse. Tilbod om slike sentrale tenester avheng av stillingsressursar, inkludering av biblioteket i skoleorganisasjonen, samarbeid med pedagogisk personale, inspirerande og funksjonelle lokale, samt samlingar i papir og på nett som er bygde opp i tråd med skolen sine fagtilbod.

Implementering av Den digitale skolen tek tid, Eit døme er når lærar og elevar helst vil halde på dei trykte ordbøkene. Bibliotekaren kan hjelpe med opplæring i bruk av Ordnett+, medan biblioteket kan supplere med større og grundigare ordbøker til oppslag. Elevane vil bli vist korleis dei kan nytte kunnskapsdatabasar som A-tekst, Britannica Online School Edition, eigne samlingar og potensialet som ligg i heile bibliotek-Norge, når behov for informasjon er til stades.

Biblioteklokalet

Nye skolebygg, tilbygg og ombygging dei siste åra har ført til at mange skolebibliotek har fått betre vilkår. Når planlegging av biblioteket kjem inn i byggjeprojekt frå starten av, blir resultatet best. Dei 10 siste åra har fleire enn 10 skolar fått heilt nytt eller oppgradert bibliotek. Nordahl Grieg vgs er den sist opna nyskolen. Den er også eit signalbygg når det gjeld skolebiblioteket, både fysisk og organisatorisk.

Anbefalte normer for skolebibliotek er minimum 0,5m² pr elev for skolar med inn til 500 elevar, samt eit fellesareal på 60m², til dømes grupperom og undervisningsrom. Ingen av skolane i Hordaland, heller ikkje dei nye som er i prosjekteringsfasen, stettar slike krav. Til gjengjeld vil nyare skolar ha mange fasilitetar som biblioteket kan nytte, dersom der er personalet som kan vere tilstades i biblioteket parallelt.

3. STRATEGIAR

Visjon:

Med eleven i sentrum skal skolebibliotek i vidaregåande skole i Hordaland bli ein aktiv og integrert medspelar for å nå skolen sine overordna mål.

Hovudmål:

Skolebiblioteka i vgs i Hordaland skal bidra til å nå overordna mål i den digitale skolen og å utvikle betre læringsmiljø gjennom tilbod om funksjonelle og trivelege biblioteklokale med tilgjengeleg, kvalifisert personale. Samlingar og tenester skal tilpassast skolen sine fagtilbod og tilretteleggjast for undervisningsarbeidet, til beste for elevar og lærarar.

STRATEGI 1

Bemanning

Den viktigaste strategien for å nå visjonen om skolebibliotek som aktiv ytar i læringsarbeidet, er fagleg, tilstrekkeleg bemanning.

Mål: Opprette bibliotekarstillingar i 100% ressurs på skolar med meir enn 300 elevar, i 50% ressurs på skolar med inn til 300 elevar, auke bemanninga på skolar med meir enn 500 elevar og finne samarbeidsløysingar med folkebibliotek for kjøp av bibliotekarressurs til dei minste skolane.

Delmål

1. Opprette bibliotekarstilling i 100% på skolar med meir enn 300 elevar: 14 skolar.
Opprette bibliotekar II i 100% på storskolane: 7 skolar, samt i skolar med fleire enn 500 elevar: 8 skolar
2. Opprette bibliotekarstilling i 50% på skolar med inntil 300 elevar: 11 skolar, samt bibliotekar II i 50% på skolar med 400 + elevar, 4 skolar
3. Kompetanseutvikling: Tilbod om vidareutdanning innan pedagogikk og bibliotek i samarbeid med Høgskolen i Bergen, Lærarutdanninga
Tilbod om etterutdanning innan aktuelle tema som publiseringsverktøy, nettsideutvikling, bruk av sosiale medier og anna
4. Greie ut behovet for merkantil ressurs, som er særleg aktuelt for skolar med meir enn 500 elevar

Framdriftsplanen skisserer kostnader over ein fem-års periode på om lag 15 millionar kroner, totalt 35,75 nye bibliotekarstillingar.

Pr 1.8.2010 kan vel 9 000 elevar nyte godt av betre tilrettelagde bibliotektenester, medan om lag 8 000 elevar ventar på betre vilkår

STRATEGI 2

Utvikle bibliotektenester tilpassa skolane sitt felles hovudoppdrag og kvar skole sitt studietilbod

Hovudmål: Skolebiblioteket skal bidra til eit godt læringsmiljø som fremjer ulike læringsstrategiar og metodar ved å ta i bruk tilgjengelege ressursar frå heile kunnskapsuniverset og gjere elevane godt rusta for livet i arbeid og fritid

Delmål:

1. Vedta bibliotekplan på kvar skole, som skal sikre biblioteket ein tydeleg plass i skoleorganisasjonen og integrert deltaking i det pedagogiske arbeidet
2. Samlingane skal vere tilpassa skolen sitt fagtilbod, anbefalte normer for budsjett og organisering av kunnskapsressursane. Samlingane femner om både trykte og digitale kunnskapskjelder
3. Skolebiblioteket skal ha eiga nettside i skolenettstaden, og bidra med aktuell informasjon i andre aktuelle kanalar, som læringsplattforma og elektroniske infotavler på skolen
4. Arbeide for betre fysiske tilhøve for skolebiblioteka. Ved planlegging av nybygg eller renovering/ombygging/tilbygg, skal biblioteket si rolle som læringsarena, kulturarena og sosial møteplass takast med
5. Bidra til utvikling av ein digital skole ved å vidareutvikle og gjennomføre metodikk innan informasjonskompetanse, knytta til læringsarbeid
6. Tilby og gjennomføre lesestimulerande tiltak gjennom eksponering og formidling av litteratur, leseprosjekt og arrangement
7. Halde fram med og vidareutvikle koordinatorfunksjonen

STRATEGI 3

Modellar for ”best practice” i Hordaland, besøksbibliotek

Hovudmål:

Synleggjere skolebiblioteket sitt oppdrag ved å utvikle modellbibliotek med ideell bemanning og pedagogisk involvering. Besøksbiblioteka kan vise ulike organisasjonsmodellar og vektleggje ulike tenesteområde.

Delmål:

1. Årstad vgs med vekt på leseprosjekt og kulturarrangement i samarbeid med studiesenteret, undervisning i informasjonskompetanse knytta til yrkesfaga, og deltaking i arbeidet mot fråfall.
Tiltak: Styrke personalressursen med ei 100% bibliotekarstilling og ei 100% merkantil stilling
2. Nordahl Grieg vgs som frontskole for digitale tenester og arbeidsmetodar
Tiltak: Styrke personalressursen med ei 100% bibliotekarstilling og ei 100% merkantil stilling
3. Kombinasjonsbibliotek Etne vgs og Etne folkebibliotek
Tiltak: Etablere ei kombinasjonsløyising med ei gjensidig forpliktande avtale om ressursfordeling, organisering og tenester.

Delmåla kan organiserast som prosjekt som gjer det mogleg å søkje økonomisk støtte i ei avgrensa periode. Prosjekta skal ha overføringsverdi til andre.

4. STATUS BEMANNING PR. 1.8.2010

Skole	Elevar	Årsverk	Tilsette	Bibliotekar	Behov bibliotekar	Kostnad
Amalie Skram vgs 2013	x				150 %	648 000
Arna vgs	191	25 %	1	Nei	50 %	228 000
Askøy vgs	545	100 %	1	Ja	100 %	420 000
Austevoll	190	20 %	1	Nei	50 %	228 000
Austrheim	300	25 %	1	Nei	100 %	455 000
Bergen Handelsgymnas	450	20 %	1	Nei	100 %	665 000
Bergen Katedralskole	397	33 %	1	Nei	100 %	455 000
Bergen maritime vgs	500	50 %	1	Ja	150 %	648 000
Bjørgvin vgs	559	100 %	1	Ja	100 %	420 000
Bømlo vgs	205	20 %	1	Nei	50 %	228 000
Etne vgs xxx	64	10 %	1	Nei	25 %	114 000
Fana gymnas	512	25 %	1	Nei	200 %	875 000
Fitjar vgs	244	50 %	1	Nei	50 %	228 000
Fusa vgs	212	50 %	2	Ja (20%)	30 %	137 000
Fyllingsdalen vgs	583	50 %	1	Nei	200 %	875 000
Garnes vgs	285	35 %	1	Ja	15 %	68 000
Hjeltnes vgs	31	20 %	1	Nei		
Knarvik vgs	944	130 %	2	Ja (100%)	100 %	420 000
Kvinnherad vgs	408	120 %	2	Ja	50 %	210 000
Laksevåg vgs	721	115 %	2	Ja	100 %	420 000
Langhaugen vgs	564	30 %	1	Nei	200 %	875 000
Lønborg vgs x	134	30 %	2	Nei		
Nordahl Grieg vgs	280 (870)	100 %	1	Ja	100 %	420 000
Norheimsund vgs	150	30 %	1	Nei	50 %	228 000
Odda vgs	341	40 %	1	Nei	100 %	455 000
Olsvikåsen vgs	427	100 %	1	Ja	50 %	210 000
Os gymnas	274	30 %	1	Nei	50 %	228 000
Os vgs	462	100 %	1	Ja	50 %	210 000
Osterøy vgs	129	10 %	1	Ja	25 %	114 000
Rogne vgs xx	92	20 %	1	Nei		
Rubbestadneset vgs	157	20 %	1	Nei	50 %	228 000
Sandsli vgs	603	30 %	1	Nei	200 %	875 000
Slåtthaug vgs	514	60 %	1	Nei	140 %	602 000
Sotra vgs	881	170 %	3	Ja (100%)	100 %	420 000
Stend vgs	315	20 %	1	Nei	100 %	455 000
Stord vgs	874	100 %	1	Ja	100 %	420 000
Tanks vgs x	311	50 %	1	Ja		
Tertnes vgs	434	100 %	1	Ja	50 %	210 000
U.Pihl vgs	312	20 %	1	Nei	100 %	455 000
Voss gymnas xx	326	60 %	1	Ja	40 %	182 000

Voss husflidskule xx	121	20 %	1	Nei		
Voss jordbruksskule XX	148	40 %	1	Ja		
Voss vgs xx	290	30 %	1	Nei	100 %	455 000
Øystese gymnas	220	50 %	1	Ja		
Årstad	1023	150 %	2	Ja	100 %	420 000
Åsane	493	30 %	1	Nei	100 %	455 000
Totalt:					3525 %	15 659 000

x Nye Amalie Skram vgs frå 2013

xx To nye skolar på Voss 2014-2015

xxx Prosjektstilling 2010/ev. fast 2011 kombinasjonsløyising med Etne folkebibliotek

5. FORSLAG TIL PRIORITERTE SKOLAR MED KOSTNADSOVERSLAG

BibliotekarI

2011	2012	2013	2014	2015
Bergen kat.skole 100%	Fana, 100%	Amalie Skram, 50%	BHG, 100%	
Etne, 25%	Fitjar, 50%	Arna, 50%		
Fyllingsdalen 100%	Fusa, 30%	Austevoll, 50%	Norheimsund, 50%	
Langhaugen 100%	Garnes, 15%	Austrheim, 100%	Os gymnas. 50%	
Osterøy, 25%	Sandsli, 100%	Bergen maritime, 50%		
Slåtthaug, 40%	U.Pihl, 100%	Bømlo, 50%	Stend, 100%	
		Odda, 100%		
		Rubbestadneset, 50%	Voss 1, 40%	
		Åsane, 100%	Voss 2, 100%	

BibliotekarII

Laksevåg, 100%	Knarvik, 100%	Amalie Skram, 100%	Askøy, 100%	Bjørgvin, 100%
Stord, 100%	Nordahl Grieg, 100%		Bergen maritime, 100%	Fana g., 100%
Årstad, 100%	Sotra, 100%		Fyllingsdalen, 100%	Kvinnherad, 50%
				Langhaugen, 100%
				Olsvikåsen, 50%
				Os vgs, 50%
				Sandsli, 100%
				Slåtthaug, 100%
				Tertnes, 50%

Merknad:

- Ev endringar i skolestruktur ut over det som er kjent til no, kan få konsekvensar for kostnadene, mest sannsynleg som ein reduksjon.
- Det kan bli endringar i prioritering av skolar

Kostnadsoverslag 2011-2015

Bemanning: Fagutdanna bibliotekar, kompetansetiltak

Stillingar/komp.tiltak	2011	2012	2013	2014	2015
Bibl.ressurs 100%	1 365 000	1 365 000	1 365 000	1 365 000	
I budsjettet pr skole kr 65 000	195 000	195 000	195 000	195 000	
Ny løyving	1 170 000	1 170 000	1 170 000	1 170 000	
Bibl.ressurs 50%	0	210 000	1 365 000	547 000	
Bibl.ressurs >50%	409 500	204 750			
Bibl.ressurs II	1 260 000	1 260 000	420 000	1 260 000	2 915 000
Sum	2 839 500	2 844 750	2 955 000	2 977 200	2 915 000
Kompetansetiltak	16 500	155 250	45 000	22 800	85 000
Totalt	3 000 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000

Referansar

1. Framsidan 1, 2010: Öppna dörrar för öppna sinnen – skolbiblioteken och framtiden
2. Limberg, L.: Skolbibliotek i nya pedagogiska och digitala landskap (Framsidan-1, 2010)
3. Hoel, T., Rafste, E., Sætre, T.P.: Opplevelse, oppdragelse, opplysning. Fagbok om skolebibliotek, 2008
4. NOVA, Rapport 9/2010
5. Tinnesand, S.A.: En læringsnøkkel, kronikk i Klassekampen 5.7.2010

STATUSRAPPORT FOR SKOLEBIBLIOTEKA I VGS I HORDALAND

Pr 01.08.2010

Gjennom seks år har Strategisk handlingsplan for skolebiblioteka i vgs i Hordaland vore viktig for eit sentralt område som har vore nedprioritert i Hordaland gjennom mange år. Visjonen om ”gode og moderne bibliotektenester med tilgjengeleg og kvalifisert rettleiing på alle skolar” er berre dels innfridd. Vi er likevel eit godt stykke på veg. Vi ser mange positive resultat på skolar som har fått bibliotekarressurs. Utfordringa i framtida er først å få stillingar til alle skolane og på sikt auke bemanninga. Målet er å gjere skolebiblioteket til ein pedagogisk, kulturell og sosial ressurs i kunnskapsskolen, ein læringsarena.

Av i alt 12 tiltak i planen, knytte til fem strategiar, er 10 gjennomførte eller igangsette.

Strategi 1: Modellar for gode skolebibliotek

På Os vgs låg forholda godt til rette for satsing. Der er det gjennomført eit prosjekt 2003-2006 (tiltak 1). Prosjektrapporten (okt. 2006) gjer greie for viktige milepælar som oppgradering av lokalet, samlingsutvikling, kompetanseutvikling og tenester. Skolebiblioteket er godt etablert. I alt har skolen fått 662 500 kr i prosjektstøtte, medan skolen la inn 657 500 kr i perioden.

Av dei tre skolane som er nemde som modellar i tiltak 2, er det berre Årstad vgs som har fått utviklingsmidlar, kr 100 000 til samlingsutvikling og løyve til ein 50% bibliotekar 2. Øystese gymnas har fått 20% støtte til ein fast 50% stilling frå i år av, medan Bjørgvin vgs har fått bibliotekar først i år. Oppgradering av biblioteklokalet er ei følgje.

Strategi 2: Rettleiingsoppgåver og faglege nettverk

Strategi 3: Sentrale fellestenester

Fem av seks tiltak er sette i drift. Dei viktigaste måla er nådde med ein koordinator i full stilling, felles bibliotekdatabase som også omfattar lærebøkene, nettverksbygging i ITL (it's learning) og gjennom kurs og samlingar. Dei fagutdanna bibliotekarane dannar ei fagleg ressursgruppe for vidare utviklingsarbeid. Til dømes har tre av dei utarbeidd ein nettsidemaal som alle skolane kan nytte.

Strategi 4: Opptopping av skolebibliotekarressursen

I perioden er det løyvd 4,5 millionar kroner til nye bibliotekarstillingar. Reelle kostnader ligg om lag 700 000 kroner høgare. I alt 20 skolar har bibliotekarressurs, av desse er 12 fulle stillingar finansierte ved ekstra løyvingar, og ni i prosentstillingar frå 60% og ned til 10%. Dei fleste av desse er betalt over skolen sitt ordinære budsjett. I 2010 er det tilsett fire (av 12) nye bibliotekarar, medrekna Nordahl Grieg vgs.

Behovsoverslaget for perioden 2006-2010 (30 stillingar: 11,8 mill. kr) var tenkt som eit første steg for å dekke eit minimum. Erfaringar frå skolebibliotek i andre fylke, der større skolar har to og tre bibliotekarar og ofte merkantilt personale i tillegg, samt tilbakemeldingar frå våre eigne skolar, viser at arbeidsmengd og moglegheiter for utvikling av skolebiblioteket som læringsarena, kulturarena og reell, pedagogisk støtte, berre kan realiserast med fleire tilsette. Slike erfaringar har støtte i nyare forskning og røyndom. I tillegg er lærebokutlånet lagt til biblioteket, noko som har stole mykje tid frå andre viktige oppgåver.

Det er særleg situasjonen på dei fem storskolane i fylket som uroar. Den store arbeidsmengda fører til stor slitasje. Det knyter seg store forventningar til bibliotekaren og biblioteket sine tenester, mens realitetane rundt bemanning, økonomi og fysiske forhold set grenser for å nå måla for visjonen om ”gode skolebibliotek gir kultur for læring”.

Positive side-effektar

Når skolen får tilbod om bibliotekarressurs, er det fleire vilkår som ligg til grunn for tildeling. Eit viktig moment er korleis biblioteklokalet ser ut, om det har eit rimeleg areal og ligg sentralt og lett tilgjengeleg i skolebygget, universelle aspekt ved innreiing og vilje og økonomi til oppgradering. Skoleleiingane har vore svært positive til å gjere noko med situasjonen, anten ved flytting, utviding eller ombygging og generell oppgradering.

Dei fleste stader har eit kompromiss mellom moglege løysingar og økonomisk evne sett grenser for ideelle areal med føremålstenlege bibliotek. Skal skolebiblioteket vere ein læringsarena, må der vere rikeleg med arbeidsplassar for grupper og enkeltelevar og moglegheit for undervisning, samt teknisk utstyr. Rolla som kulturarena krev ein annan synsvinkel: Eksponering som stimulerer til lesing, trivelege møblar og rom for arrangement. Storleiken på bibliotekokalet er i mange høve for lite til å støtte behova optimalt.

I planperioden har mange skolar tatt tak i desse utfordringane, ikkje berre dei som får bibliotekarressurs. Fylkesbiblioteket har kompetanse og har bidratt med råd, forslag til planløysing og innreiing, oftast i samarbeid med Eigedomsavdelinga, arkitektar og leverandørar. I alt har 13 skolar fått nye eller oppgraderte lokale i perioden, medan tre (Amalie Skram, Etne, Årstad) er under planlegging, og to skolar (Fana, Øystese) har gjort heile jobben sjølv. Bjørgvin skal i gang med oppussing av biblioteket sitt så snart nyttilsett bibliotekar er på plass (pr 1.8.2010).

Strategi 5: Samarbeidsmodellar

Politikarane har lagt vekt på å få til formaliserte samarbeidsmodellar mellom vidaregåande skole og folkebibliotek, der dette høver. Ein minimums føresetnad er at det er kort avstand mellom skolen og folkebiblioteket. Helst bør dei to einigane vere integrert i felles lokale. Vinsten i små kommunar vil vere gjensidig: Større og meir interessante tilbod, fleire tilsette og betre opningstider.

Til no er det to stader, der det er eller kan bli eit tettare fysisk, felles bibliotek. Fitjar vgs leiger areal i Kulturhuset, der folkebiblioteket er lokalisert. Her er det eit potensial for ein samarbeidsmodell. I Etne er nytt kulturhus under bygging. Der er det planlagt areal til skolebibliotek i det nye folkebiblioteket. Skolen er tildelt 20% prosjektressurs i 2010 for å greie ut skolen sine behov i eit framtidig kombinasjonsbibliotek. Folkebiblioteket treng og meir personale. Ei løysing med 50% ressurs frå kvar eigar vil gjere det mogleg å rekruttere bibliotekar.

I planperioden har ein valt å ikkje prioritere eit formalisert samarbeid mellom Bergen offentlige bibliotek og aktuelle skolar i Bergen sentrum.

Bibliotekstatistikk for videregående skole 2009

Innledning

Fylkesbiblioteket har arbeidet etter ”Strategisk handlingsplan for skolebiblioteka i vgs i Hordaland 2005-2010”. Helt sentralt i arbeidet har vært å få fagutdannede bibliotekarer inn i skolen. Vi har ment at det vil føre til et bedre skolebibliotektilbud for elevene. Det er derfor naturlig at vi ser på i hvilken grad effekten av de fagutdannede bibliotekarene kan måles. I år vil vi fokusere fremstillingen vår av årets statistikk på denne problemstillingen.

I den hensikt vil vi dele opp skolene etter fagutdannet/ikke fagutdannet bibliotekar. Per 2009 hadde vi 14 fagutdannede bibliotekarer i skolene, fordelt på 16 skoler. Vi vil se på resultatene for tre klart adskilte grupper: de som har bibliotekar i full stilling, de som har bibliotekar i halv stilling, og de som ikke har fagutdannet bibliotakar eller eventuelt har en i svært liten ressurs. Vi vil også sammenligne med resultater for hele fylket

Dette kan lett fortone seg som en kritikk på de lærere, kontorpersonale og annet personell som jobber i skolebibliotekene. Det er det ikke. Å drive et bibliotek er en faglig oppgave som krever faglig kompetanse. Faglig kompetanse kan man tilegne seg ved å ta formell utdanning, eller via praktisk erfaring. Formell utdanning som bibliotekar er i dag organisert som en treårig utdanning (bachelorgrad) fra universitet eller høyskole. Vår politikk har vært å rekruttere folk som har fått kompetansen sin den veien. Det er i teorien ingen ting i veien for at f. eks. en lærer skulle kunne tilegne seg samme kompetanse via praktisk arbeid i biblioteket – forutsatt at hun fikk jobbe i en 100 % stilling i minst tre år, i et kompetent fagmiljø. Virkeligheten har vært stillingsprosent på 10-20 %, mange utskiftninger, og at de har vært alene med det. Under slike forhold kan ingen utvikle tilstrekkelig kompetanse.


Vi har brukt tallene fra 2009 slik de er tilgjengelig for oss i dag, etter vår egen kvalitetskontroll. Nasjonalbiblioteket (tidligere ABM-utvikling) vil ikke publisere de endelige resultatene før i august/september.

Utlån etter fagutdannet bibliotekar i 2009

Antall skoler med fagutdannet bibliotekar

